



Trygve Sagstad
Mjåtveitvegen 20
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/59 - 19/926

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

25.01.2019

Grunneigaravtale GBNR 23/401

Vatn og avlaup

Meland kommune skal leggje nye vass- og avlaupsleidningar langs Mjåtveitvegen på Frekhaug. I same grøft på delar av strekket skal det også leggjast trekkjerrøyr for fiber og veglys.

Fortau

Meland kommune skal også byggje fortau langs Mjåtveitvegen, frå der noverande fortau avsluttar og eit stykke bortover vegen. Vatnleidningane skal ligge under fortauet.

Rettar til grunnen

For å sikre gjennomføring av anlegget og bygging av fortau må kommunen ha ein avtale med dei grunneigarane som blir rørt av omlegginga av innkøyrsel for eigedom gbnr. 23/50. Avtalen er ei standardavtale som blir brukt på tilsvarande saker.

Avtalen regulerer ikkje spørsmål om pålagt tilknytning til leidningsnettet for grunneigarane, tilknytingsavgift eller liknande. Slike forhold må løysast av gjeldande lovregler og kommunale forskrifter.

Meland kommune ber om at vedlagte avtaler vert underskrive og ber dykk sende avtalen attende til Meland kommune, p.b. 79, 5906 Frekhaug. Avtalen vil bli tinglyst og eit eksemplar vil bli sendt tilbake til dykk. Alle kostnader med tinglysing m.m. vil bli dekkja av kommunen.

Dersom de har spørsmål eller merknader til utbygginga i høve til plassering m.m. kan de kontakte prosjektleiar Harry Finseth på telefon 56171176 eller e-post harry.finseth@meland.kommune.no.

Med helsing

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Avtale mellom Meland kommune og Trygve Sagstad
Kartvedlegg

Mottakere:

Trygve Sagstad

Mjåtveitvegen 20 5918

FREKHAUG